

Miljø og berekraft

— meir enn gjenbruk

I dette nummeret rettar vi merksemd mot det aktuelle og særdeles viktige området miljø og berekraft. Å arbeide med denne tematikken på ulike måtar er eit ansvar skulen i stadig større grad har fått og må ta.

I *Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen* (Kunnskapsdepartementet, 2017) er berekraftig utvikling eitt av tre tverrfaglege emne som det skal leggjast spesielt til rette for å arbeide med i skulen. I siste utkast til kjerneelement i kunst og handverk, som har høyringsfrist 17. april, er miljøaspektet spesielt framstående i skildringa av det foreslegne kjerneelementet *handverksferdigheiter*. Her står det eksplisitt at elevane skal nytte verkty, teknikkar, reiskap og materiale på ein miljømedveten måte gjennom heile skuleløpet. Det er positivt at miljøperspektivet vert sett i samanheng med handverksferdigheiter. Men teori er ein sak, praksis er noko anna.

Eit tanke- og haldningssett vi til tider møter innan kunst- og handverksfag er at «så lenge vi nyttar gjenbruksmateriale har vi ivareteke miljøperspektivet». Så enkelt er det diverre ikkje. Det er positivt å ta i bruk gjenbruksmateriale, anten det er tre, tekstil, metall eller noko anna. Men vert resultatet eit produkt som ikkje held mål kvalitetsmessig og er eit produkt eleven ikkje er stolt av – vert ikkje miljøperspektivet ivareteke. Snarare tvert om. Arbeid med miljø og berekraft i våre fag må kombinerast med ferdigheiter i teknikkar, kunnskap om materiale og evne til å kritisk vurdere kvalitet. Med andre ord, både hovudet og hender må vere på plass skal vi kunne snakke om at vi ivaretek miljø- og berekraftperspektivet i kunst- og handverksfag.

Å meistre ulike teknikkar og lære om og erfare materiale sine eigenskapar tar tid. Dette er nok eit argument for at kjerneelementa i kunst og handverk må vere smale slik at det vert reelt å arbeide i djupna. Elevane må få tid til å gjenta, øve, og gjevast moglegheit til å nytte tileigna ferdigheiter i nye samanhengar. Vår uro er at kjerneelementa, slik dei er foreslegne, er altfor breie og omfattande. Les meir om Kunst og design i skolen sitt syn på dette i spalta *Aktuelt* av Lennart Johansson på side 9.

Opning av SEILET — huset for kunst og kultur i skolen

Til slutt må det nemnas at Kunst og design i skolen no deler hus med våre systerorganisasjonar i lokale like ved Kunsthøgskolen i Oslo. Vi har vald å kalle vårt flotte hus for SEILET - huset for kunst og kultur i skolen (www.seilet.org). 15. mars var det offisiell



Selja må fellast når 3. klasse skal bygge hus, og det er godt å få dyttehjelp når treet skal ned. Lars Wegge skriv meir om spiking og rått trevirke på side 6. Foto: Lars Wegge.

opning med flotte taler og underhaldning. Organisasjonane på SEILET representerer faga dans, drama, mediefag, musikk, kunst, design og handverksfag. Vi arbeider for å styrke og auke merksemda for desse faga si rolle i barnehage, grunnopplæring og høgare utdanning.

Framover vil vi i Kunst og design i skolen arrangere gratis lærarkveldar saman med Kunst i Skolen der vi tar tak i ulike tema og arbeider praktisk. Fyrste lærarkveld finn stad 17. april og emnet er grunnleggande perspektivteikning. Følg med på heimesida vår www.kunstogdesign.no for komande arrangement på SEILET.

God lesing!

Bibbi Omtveit